



Brannsjef Grete Nesheim og brannmeister Kjell Tungesvik flankerar Audun Eik, som no har takka for seg i branntroppen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Audun Eik (fylte 60 år 2. oktober) takka ved siste månadsskifte av etter 33 år i Kvinnherad Brannvesen, tropp Uskedalen.

Fredag kveld vart han takka for den store innsatsen sin av leining og kolleger under ein enkel markering i brannstasjonen. Der var også brannsjef Grete Nesheim til stades.

I 19 av åra var Audun brannmeister, fram til ved månadsskiftet mars/april i 2006. Då vart han igjen vanleg brannkonstabel.

- Kvifor har du "halde ut" så lenge og kvifor går du av no, ville uskedalen.no veta?

- Framfor alt må eg slå fast at det har vore ein svært stabil gjeng av flinke gutar – og ei flink jente – i branntroppen i Uskedalen. Vi har hatt det greitt og har fungert godt saman.

På det andre spørsmålet er svaret at eg no gjerne vil disponere fritida mi annleis og også få tid til noko anna.

- Har det vore dramatisk knytt til oppdraget?

- Det har det vore, frå tid til annan. Eg kan i farten nemna den største brannen - den på Valen sjukehus - og ein skogbrann i Halsane. Ellers har vi vore i aksjon i så å seie heile kommunen. Det har vore ein god del husbrannar og skogbrannar.

Sindre Eidsvik har overteke brannkonstabeljobben etter Audun Eik. No er Kjell Tungesvik brannmeister og Knut Stensletten underbrannmeister medan dei andre i troppen er Runar Myklebust, Tor Øystein Myklebust, Per Fausk, Leif Jarle Bergstø, Anne Guri Kildal, Kjell Erik Taranger og Tor Jarle Kjærland.

Inntil for nokre år siden var dei 12 i troppen. Då truga kommuneleiinga med nedleggjing, men det enda med eit kompromiss på 10 personar ved at dei viste til det som heiter responstid. Responstida skal vera maksimalt 20 minuttar frå alarmen går og til mannskapa befinn seg på brannstaden.

- Det går greitt sjølv om troppen vår også har ansvaret for Herøysund, forsikrar Kjell Tungesvik.

Dei andre ytterpunktene i troppen sitt område er Fjellandsbø og Ljosnes.

Når det gjeld utstyret meiner brannmeisteren at det må karakteriserast som bra når ein gjer unntak for bilane. Særleg burde brannbilen frå 1969 vore skifta ut.

- Vi saknar ein bil med vatnkapasitet, seier Tungesvik til uskedalen.no.

Av Ola Matti Mathisen



Dette er nesten heile branntroppen i Uskedalen, som fredag tok avskil med Audun Eik. Foran Kjell Tungesvik, Audun og Knut Stensletten. Troppen omkransar bilen som også treng avløyning. (Foto: Ola Matti Mathisen).